

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 13.09.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHBEHANDLAR:** Ann-Elin Djuvik Kro  
**SAKA GJELD:** **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 21.08.2023 - 18.09.2023**  
  
**ARKIVSAK:** 2023/82  
**STYRESAK:** 091/23  
  
**STYREMØTE:** 04.10.2023

### Administrerende direktør si orientering pkt. 2

---

#### Oversikt over aktuelle lover i perioden 21.08.2023 - 18.09.2023

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/lovendringa gjeld
Arbeidsmiljølova	16.06.23	<p>Med lovendringa definerer arbeidsmiljølova § 4-3 kva som ligg i omgrepet trakassering og seksuell trakassering.</p> <p>Det blir også tilførd eit punkt i § 6-2 som omhandlar verneombodets oppgåver. Her med bokstav f; <i>Verneombudet skal særleg påse at arbeidstakernes psykososiale miljø er ivaretatt.</i></p> <p>Lovendringa trer i kraft frå 1. januar 2024.  <a href="#">Lov om endringer i arbeidsmiljøloven (trakassering) - II - Lovdata</a></p>

## Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 21.08.2023 - 18.09.2023

Forskrift	Dato for kunngjøring	Kva saka gjeld
Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannlegar	31.08.23	<p>Endringa gjelder verksemdar som er godkjent for spesialistutdanning. Her er det ein regel om at <i>ein vesentleg del av læringsmåla for den enkelte spesialiteten skal kunne oppnås ved læringsaktiviteter i virksomheten.</i></p> <p>Med forskriftsendringa blir det lagt til eit unntak frå dette kravet med tilføyinga om at <i>det kan i særlige tilfeller gjøres unntak fra vesentlighetskravet dersom minst en tredjedel av læringsmålene for den enkelte spesialitet kan oppnås ved læringsaktiviteter i virksomheten og virksomheten har inngått samarbeidsavtale med godkjent utdanningsvirksomhet om gjennomføring av de læringsmålene virksomheten selv ikke kan tilby.</i></p>
Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter	29.08.23	<p>Med endringa stiller forskrifta fleire krav til kontraktsvilkår. Desse omhandlar lønns- og arbeidsvilkår, obligatorisk tenestepensjon, informasjonsplikt og språkkunnskap mv.</p> <p><a href="#">Forskrift om endring i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter - Lovdata</a></p>

## Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 21.08.2023 - 18.09.2023

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	01.09.23	<p>Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 1. september 2023 for behandling av sak om sal av eigedom. Protokollen frå føretaksmøte blir lagt fram i eiga sak.</p>